

Referat frå styremøte i Samstyret for Myrkdalen 11. juni 08  
-Landskapsparken-

Desse møtte (hjá Torill Årmot): Asbjørn Tveite, Arvid Berland, Torill Årmot, Jorunn Hirth, Per Backer, Terje Kvalfoss, Gudmund Furu.

**Sak 1: Brosjyren:** Brosjyren er no ferdig og lagt ut til utdeling fleire stader på Vangen og i Myrkdalen. 22275 kr skal betalast til Logolink, og me ventar nokre mindre rekningar til. Det er søkt om stønad 12500 kr, og annonsørar i brosjyren skal betala 500 kr kvar, i alt 6500 kr. Brosjyren har fått god mottaking.

**Sak 2: Stirydding og skilting:** Her er det søkt om tilskot SMIL-midlar på 48000 kr. Arbeidet har nett starta opp. Gudmund har vore på Skiltkurs. Lars J. Mørkve skal produsera skilta etter ein internasjonal mal. Voss Fjellandsby vil løna ein mann som kan vera med på jobben. Landskapsparken vil teikna kontrakt med alle grunneigarar om rydding og skilting på deira område.

**Sak 3: Myrkdalsdagen 12. juli:** Planlegging går sin gang. På første planleggingsmøte var tilstades 13 personar. Nytt møte her 30. juni.

**Sak 4: Skilting – Myrkdalen:** LP har søkt om å få plassert namneskilt i begge endar av dalen, men fekk avslag. Ny –meir forklarande søknad- er sendt. Vonar på positivt svar.

**Sak 5: T-skjorter:** Me tingar 100 stk med LOGO og tekst: Myrkdalen Landskapspark. Ansv: Gudmund

**Sak 6: Myrkdalsmarsjen 7. september:** Vert laga som natursti. Trase: Skulen – Jesshellaren – Skjervheim – Tveitavegen – Skulen. Salg av forfriskningar på skulen.

**Sak 7: Ymse:**

- a) Info om Myrkdalsdag + Myrkdalsmarsj er lagt ut på info-sida til hytteforeninga + til kulturbeitet i "Hordaland".
- b) Per held oss oppdatert om livet i eit trostereir på heimesida: myrkdalen.org
- c) Me vil skipa til ein tur for innbyggjarane i dalen til Jondal/Herand **28. september**. LP vil yta tilskot til turen. Turen i fjor til Finden var så vellukka at det freista til ny tur i år.

Møtet slutt!

**Neste møte: Torsdag 21. august kl 20 hjå Terje Kvalfoss**

Referent

Gudmund